

Zero Emission Resource Organisation  
Maridalsveien 10  
0178 Oslo



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Oslo, 5. mai 2011

## Høyring Avanserte måle- og styringssystem (AMS)

Forslag til endring i forskrift 11. mars 1999 nr. 301

ZERO vil med dette gi sine innspel til forslaget til endring i forskrift 11. mars 1999 nr. 301 om avanserte måle- og styringssystemer med frist 6. mai 2011.

### Oppsummering

ZERO sin motivasjon for å engasjere oss i saka at vi ønskjer at innføringa av AMS skal føre til ei meir tilpassing av forbruk og produksjon av straum. For å lukkast med dette må utstyret legges til rette for at forbrukarane kan overvake eige forbruk og opne for å gi økonomiske insentiv til å endre forbruket. Vidare er det viktig å legge til rette for distribuert småskala energiproduksjon ved å måle innmating av straum.

### Forbruksendring

Mykje av formålet med innføringa av det nye systemet er å redusere effekttoppene vi ser i dagens forbruksmønster. ZERO er difor skeptiske til dei to nemnde hovudoppgåvene som er nemnd s. 11 i høyringsdokumentet. Vi meiner ordninga må fokusere på tilrettelegging og tilpassing hos forbrukarane. For å oppnå resultat her er det heilt sentralt at standarden gjer det enkelt å halde oversikt over kor forbruket skjer, for å kunne bli bevisste på kva forbruk som kan reduserast eller flyttast i tid. Standarden bør difor inkludere, eller lett opne for tilkobling av tilleggsutstyr, som bryt ned forbruk til ulike formål hos forbrukaren. Vidare er det sentralt at standarden inkluderar mekanismar for å kople ut til dømes varmelager (varmtvasstankar) og anna elastisk forbruk, for å redusere effekttoppar, som beskrive i det nye § 4-2 f. Det er viktig at ein følgjer opp på den regulatoriske sida slik at det blir interessant for kundane å faktisk endre forbruket sitt.

### Måling av eigenproduksjon

ZERO har i dei føregåande høyringsrundane fokusert på kor viktig det er at også måling av straum produsert på eller i nær tilknytning til bygg blir inkludert i den kommande AMS-standard. Vi er difor svært positive til inkluderinga av dette i 3.3. og at NVE foreslår at alle målarar skal registrere og måle småskalaproduksjon som blir mata inn på nettet. ZERO støtter dette forslaget. Vi er skeptiske til at det skal opnast for at berre kundar som ønskjer dette får det installert, sidan eigenproduksjon ikkje er utbredt i dag, men kan bli lettare i framtida, det er då viktig at det ikkje er eit hinder for å få dette til. Dette er sentralt fordi AMS-målarane kjem til å følgje bygget, og ulike brukarar vil ha ulike ønskjer. Det er difor viktig at målarane som blir installerte i første omgang opnar for eigenproduksjon, uavhengig av ønskja til dagens

huseigarar. Det er viktig at ein følgjer opp på den regulatoriske sida slik at eigenproduksjon av straum blir interessant for kundane.

Vennleg helsing

(sign.)

Tale Halsør

Rådgjevar bygg og oppvarming

ZERO